

## REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I VALLDAL BYGDEKVINNELAG

kl. 18 tysdag 15.oktober 2019. 28 møtte.

Leiar Solveig Linge Stakkestad ynskta velkomen, og vi starta opp med "Samlesong" av Marta Scumann. Så las Solveig diktet "Så lett å sjå" og formålsparagrafen til NBK. Spesielt inviterte gjestar var Ellen Krageberg NBKleiar og to frå Stranda Bygdekvinnelag.

### ÅRSMØTESAKER

#### Sak 1 Konstituering

Innkalling og sakliste – godkjende utan merknad.  
Møteleiar – framlegg om Mette N. Valdøl – samrøystes vald.  
Skrivar – framlegg om Sunneva Linge – samrøystes vald.  
To til å skrive under møteboka – framlegg om Else Rødøl og Wenke Sylju–  
samrøystes valde.

#### Sak 2 Årsmelding ved Solveig Linge Stakkestad

Las også etiske retningslinjer frå NBK.  
Årsmeldinga godkjend utan merknad.

#### Sak 3 Rekneskap ved Nelly Ytterli

Inntekt kr. 161048,45. Utgifter kr. 162095,41. Salma sum i banken kr.254121,65.  
Sansehagen har kr.3786,20 på konto, Fredagskafe kr 1090.  
Boksal kr 27950. Grasrotandel kr 4500. Momskompensasjon kr 5066 .  
Kulturmidlar kr 2000.  
Rekneskapen godkjend med eit spørsmål om meirforbruket på kr.1046,96

#### Sak 4 Framlegg til arbeidsplan 2020 ved Solveig Linge Stakkestad. Sjå vedlegg.

Skriv om Retningslinjer for sponing/medlemsstøtte. Sjå vedlegg.  
Skriv om Retningslinjer for aktivitetsgruppa/styret. Sjå vedlegg.

#### Sak 5 Framlegg om budsjett 2020 ved Nelly Ytterli . Sjå vedlegg.

Lokallagskontigent blir framleis kr 0. Orientering om fordelar for NBK-medlemer.

#### Sak 6 Sak frå styret og innlegg frå salen:

\*Aktivitetsgruppa får kr 2500 til disponering. Samrøystes vedtak.  
\*Saker VBK kan hjelpe til med: Marit Pritchard - bordtennisbord, spel.

#### VAL ved Turid Aspehjelld frå valnemnda.

|                |                                |                           |
|----------------|--------------------------------|---------------------------|
| <b>Styre</b>   | Solveig Linge Stakkestad leiar | 2019 – 2020 attval        |
|                | Nelly Ytterli                  | 2018 – 2020 ikkje på val. |
|                | Mette Marie Døving             | 2018 – 2020 ikkje på val  |
|                | Björg Sætren Kleppe            | 2019 – 2021 attval        |
|                | Elin B. Smoge                  | 2019 – 2021 ny            |
| <b>1. vara</b> | Sunneva Linge                  | 2019 – 2020 attval        |
| <b>2.vara</b>  | Eva Bergdahl Muribø            | 2019 – 2020 attval        |
| <b>3.vara</b>  | Mette Natland Valdøl           | 2019 – 2020 attval        |
| <b>4.vara</b>  | Else Rødøl                     | 2019 – 2020 attval        |

**Kaffegruppe:**

Vigdis D. Mork, Eva Hanssen, Liv Eldri Båtnes, May Berli, Inger Sissel Berdal, Bodil Døving, Inger Lise Hjelle. 2019 - 2020

**Tur og aktivitetsgruppe:**

Brita M. Relling, Kristin O. Alstadsæter, Mette N. Valdal, Wenke Sylju. 2019 -2020.

|                        |                                    |             |
|------------------------|------------------------------------|-------------|
| <b>Heimeside:</b>      | Judith Krogh                       | 2019- 2020  |
| <b>Sansehagen:</b>     | Judith Krogh, Else Rødal           | 2019 – 2020 |
| <b>”Syng med oss”:</b> | Astrid Bakke Andersen              | 2019 – 2020 |
| <b>Nyføddgåve:</b>     | Randi Hole Heggen, Eva Hanssen     | 2019 – 2020 |
| <b>Revisorar:</b>      | Kristin V. Hjelme, Mette N. Valdal | 2019 – 2020 |
| <b>Valnemnd:</b>       | Kristin O. Alstadsæter             | 2017 – 2020 |
|                        | Turid Aspehjell                    | 2018 – 2021 |
|                        | Signe Brenna                       | 2019 – 2022 |

**Orientering om godtgjersle**

Leiar kr 2000, nestleiar, kasserar, skrivar kr 1500, andre styremedlemer +1.vara som møter fast kr 1000. 2., 3. og 4. vara får kr. 100 kvar gong dei blir innkalla.

**MAT**

Etter eit bordvers var vi snøgt på plass ved buffeen. Åse Erstad hadde sett fram brødmatt med mykje godt pålegg til. Alt smakte svært godt.

**NBK-leiar Ellen Krageberg:**

NBK har 12000 medlemer og 420 lokallag. Kornneket i NBK-logoen minner om at eit aks åleine er veikare enn mange som står saman i eit kornnek.

Vi står også sterkare når vi er mange i eit bygdefellesskap.

15. oktober er den internasjonale bygdekvinne dagen. Årsmøtet vårt traff rett dato!

Nasjonalt påverknad – vi vil ha trygg norsk mat, vi er avhengig av bøndene.

Forvalte kulturarven – bevare og forvalte immatriellkulturarv, rådgjevar for UNESCO, bruke , vidareformidle og samle inn kunnskap.

Kva kulturarven kan gje oss –m.a. identitet, røter, kjærleik til historia, berekraft.

[www.norsktradisjonsmat.no](http://www.norsktradisjonsmat.no) for alle nbk-medlemer og alle andre interesserte.

Organisasjonsskolen – kurs for lokallag.

Nytt medlemsregister frå 1.januar, nytt studieforbund.

Verving viktig , ulike måtar – du og eg, målretta verving i laget, aktive lokallag.

FRAMLEGG frå salen om at NBK tek opp temaet Frivilligsentralane .

Dei er viktige støttespelarar på bygdene.

**Åresal og trekning** var ein viktig post på programmet. Det var mykje fint å vinne, m.a. mange lokale matgevinstar. Til sist var det takk for no og vel heim, og årsmøtet var over.

Sunneva Linge skrivar